



10 år med miljøvern



Miljøvernnavdelinga 10 år

Før miljøvernnavdelingane vart oppretta i 1982 var det ein livleg debatt om korleis miljøvernforvaltinga skulle plasserast på fylkesnivå. Tre modellar blei vurderte: 1) sjølvstendig statsetat, 2) lagt til fylkeskommunen eller 3) fylkesmannsembetet. Stortinget vedtok at miljøvernforvaltinga på fylkesnivå skal vere statleg og bli organisert som ei avdeling i fylkesmannsembetet. Fagleg er avdelinga underlagt Direktoratet for naturforvaltning i Trondheim og Statens Forureiningstilsyn i Oslo.

Miljøvernnavdelinga starta opp i ei brakke i fjæra nedafor fylkeshuset i Molde, og i 1984 flytta ho inn saman med resten av fylkesmannsembetet i 4. etg. i fylkeshuset. Avdelinga vart skipa med 11 faglege- og 2 kontor-medarbeidrarar. Det totale budsjettet i 1983, det første heile driftsåret, var på 2,6 mill kroner. Det tilsvarende talet for 1992 er 19 mill kr. Tabellane og kurvene nedafor viser utviklinga i budsjett og talet på årsverk nedlagt i avdelinga sidan starten.



Den store auken i budsjettet viser at samfunnet satsar meir og meir på miljøvern. Den er og eit resultat av at ansvaret for fordelinga av ymse miljøtilskott er blitt delegert til fylkesmannen. Avdelinga sitt eige driftsbudsjett har berre auka i takt med prisauken. Sidan starten har avdelinga berre fått tre nye fagstillingar. Mykje av arbeidet i avdelinga må gjerast av engasjerte.

MIK (Miljøvern i kommunen)


Brundtlandkommisjonen rådde til at det i framtida måtte takast omsyn til miljøvern i alle avgjærder på same måte som det no blir teke omsyn til økonomi, helse og velferd. Ein plan for å fremje omsynet til miljøvern i kommunal verksemnd vart lagt fram i St. meld. nr 34 (1990-91): "Om miljøvern i kommunene". I tråd med stortingsmeldinga gir no Staten tilskott til løn til ein miljøvernrådgjevar i kvar kommune. Dei aller fleste kommunane i fylket har gjort seg nytte av ordninga. Det vil føre til at vi her i fylket får over 30 profesjonelle miljøvern pådrivarar i kommunane. Fylkesmannen trur at den kommunale satsinga på miljøvern som no er under utvikling, vil bli sjølve fundamentet for miljøvern arbeidet her i landet.

Vi er godt i gang med opprydding av utslepp

Kommunane er pålagt å gjennomføre oppryddingstiltak på meir enn 1 milliard kroner. Investeringar på over 500 mill kr står att. Full opprydding skal vere gjennomført innan år 2000. Investeringsnivået må auke for at målet skal bli nådd. Fortsatt går mesteparten av kloakken i fylket ureinsa til sjøen.

Kommunane byggjer no reinseanlegg for å nå eit delmål om at mange av reinseanlegga skal stå ferdige i 1995.

Det blir gjennomført omfattande tiltak i landbruket. Total oppryddingskostnad er rekna til meir enn 0,5 milliardar kroner.



Lite forureining, men.....

I Møre og Romsdal er sjøen dei fleste stader aktuell recipient. Straum og utskiftingsforhold er oftast gode. Utsleppa fører derfor vanlegvis ikkje til slike konfliktar som i andre delar av landet. I enkelte av vassdraga våre er forureiningssituasjonen tydeleg påverka av avrenning og punktutslepp frå landbruket. Det er også observert oppblomstring av giftproduserande blågrønalgar i fleire vassdrag.

Innde del av Sunndalsfjorden har høge innhald av miljøgifter. Utanfor Raudsand er det også høgt innhald av koppar etter tidlegare gruvedrift.

Miljøgifter er også funne i andre delar i fylket, m.a. i hamneområdet i Ålesund og i nærleiken av skipsverft. I Kristiansund hamn er det registrert store mengder tjære etter det nedlagte koksverket.

Kloakkutbygging

Fylkesmannen godkjenner og fører tilsyn med kommunale kloakkutslepp.

Fylkesmannen behandler og prioritærer søknader om tilskott og lån til oppryddingsarbeid.

Landbruksforureining

Fylkesmannen har hatt kontrolloppgåver etter forskrifter om landbruksforureining. I 1992 blei det starta opp eit prøveprosjekt i Møre og Romsdal der Fylkeslandbrukskontoret overtar dette arbeidet. Fylkesmannen skal stå for resultatkontroll i vassdraga.

Forureining frå oppdrett

Fylkesmannen godkjenner etablering eller flytting av oppdrettsanlegg etter forureiningslova.

Industriutslepp

Fylkesmannen er forureiningsmyndighet for fiskeforedlingsbedrifter. Fylkesmannen vil bli delegert myndighet for fleire bransjar (meieri, slakteri, pukkverk).

Overvaking

Fylkesmannen må ha nødvendig informasjon om forureiningssituasjonen. Dette skjer ved eigne prosjekt, ved samarbeidsprosjekt med kommunar og/eller industri eller i samband med utsleppsløyve som blir gitt.

Støy

Fylkesmannen er statleg fagmyndighet for støy ved planar etter plan- og bygningslova. Fylkesmannen vil bli delegert myndighet etter forureiningslova for pukkverk og skytebaner.

Forbruksavfall, produksjonsavfall og slam

Fylkesmannen skal godkjenne og føre tilsyn med transport, behandling, attvinning og oppbevaring av forbruksavfall, produksjonsavfall og slam.

Den konkrete
renovasjonsdekninga og
sjølve innsamlingsordninga
fastsett kommunen sjølv.

Spesialavfall

Fylkesmannen fekk i 1991 myndighet for spesialavfall i verksemder som ikkje er konsesjonsbehandla av SFT. Fylkesmannen skal også godkjenne lokale mottakspllassar for spesialavfall (t.d. i kommunane).

Dumping

Fylkesmannen har myndighet til å tillate dumping av mudringsmassar, kondemnerte party, m.m.


Bilvrak

Fylkesmannen har myndighet til å avgjere søknader om etablering av nye oppsamlingspllassar for bilvrak.



Røyk og rotter er borte frå bosstippen

Arbeidet med utbygging av kommunal renovasjon og avfallsbehandling har gått i etappar. I mange kommunar tok det lang tid før heile kommunen var med i ei tvungen ordning. No får dei fleste familiene i fylket henta avfallssekken sin kvar veke frå stativet eller vegkanten. Behandlinga har og blitt betra etterkvart som avfallet endra omfang og karakter. Lokale bosstippar med tilfeldig open brenning blei etterfygt av enkle forbrenningsomnar. I dag blir mesteparten av forbruksavfallet behandla i eit moderne forbrenningsanlegg i Ålesund, eller store regionale kontrollerte fyllingar. Desse løysingane dekkjer og mykje av det produksjonsavfallet som ikkje blir attvunne.




Framtida er kjeldesortering og avfallsminimering


Dei fleste kommunane i Møre og Romsdal har satt i gang arbeid med kjeldesortering eller har planar for dette. Miljøvernavdelinga meiner det er nødvendig å auke innsatsen ytterlegare. Også innsamling av giftig avfall frå hushaldningane og mindre bedrifter må organiserast betre. Dette er foreslått som Skvett'n-ordning med utplassering av esker e.l for innlevering til miljøstasjonar.

Laksen er truga av sjukdom og gener

Omlegging av drifta for å redusere sjukdomspresset med vekseldrift på tre lokalitetar, har ført til at talet på anlegg har auka frå omlag 100 til i overkant av 200 stk. Dette har ført til nye arealbrukskonflikter med naturvern-, frilufts-, vilt- og fiskeinteresser. Mangel på kommuneplanar som omfattar sjøområda, har ført til at kommunane i liten grad har hatt politisk styring med utviklinga. Den negative utviklinga når det gjeld lakselus i oppdrettsanlegga, på villaks og sjøaure, kan ha blitt forsterka pga fleire lokalitetar i bruk og større spreiing av anlegga.



Produksjonen i eit oppdrettsanlegg på 12.000 m³ er i snitt omlag 300 tonn. Fangst i Surna, det beste laksevassdraget i vårt fylke dei siste åra, er på omlag 10 tonn.



Prøvetaking er eit viktig ledd i overvakkinga av lakkestammene, her ved hjelp av elektrisk fiskeapparat.

Ferskvassfisk - mat og trivsel

Møre og Romsdal har i overkant av 22.000 vatn og minst 180 laks- og sjøaureførande vassdrag. Det er 13 ferskvassfiskearter i fylket. Dei vanlegaste er laks, aure, røye og ål.

Forvaltinga av laks og sjøaure har langt på veg vore dirigert av dei trugslane som til eikvar tid er til stades i sjø og vassdrag. Gjennom forskrifter som avgrenser fiske og ulike kultiveringstiltak søker vi å verne om den einskilde laks- og sjøaurestamme.

Det potensialet som ligg i ferskvassfisk for avkasting og rekreasjon er stort. Møre og Romsdal er blant dei fylka der det årleg blir fanga mest laks og sjøaure. Innlandsfisk som aure og røye, er ein ressurs som til no har vore alt for lite utnytta. Ei riktig biologisk forvalting kan i framtida gje ei mangedobling av fangstane i høve til dagens nivå. Eit ledd i riktig retning er kartlegginga av ferskvassfiskressursane som er sett i gang.



Gamal steinbru over Storelva på Flø (Ulstein).

Fiskeoppdrett

Produksjonen i 1991 av laks i Møre og Romsdal på 23 000 tonn, var omlag det doble av produksjonen i heile Noreg i 1982. Tal på laks som blir utsett pr. år i 6 av dei 100 anlegga i vårt fylke, er like stort som heile villslaksinnsgjet i eit normalår i Noreg.

Laks- og sjøaure-stammer er trua av

- lakseparasitten *Gyrodactylus salaris*
- overfiske
- rømt oppdrettslaks
- forureining
- fysiske inngrep i vassdraga

Overvakning av laks- og sjøaurestammer

Sjukdomssituasjonen i dei laks- og sjøaureførande vassdragene i fylket blir nøyde overvaka. Årleg undersøker vi laks- og sjøaurestammene i mellom 70 og 80 vassdrag. Rask registrering av nye parasitt- og sjukdomstilfelle gir høve til rask gjennomføring av tiltak som kan avgrense skadene.

Kultivering

Kultivering av laks, sjøaure og innlandsfisk har lange tradisjonar i fylket. Problem med parasittar og sjukdom samt viktige genetiske aspekt, gjer det naudsynt å omstille kultiveringsaktiviteten. Vi arbeider med ein kultiveringsplan for fylket. Eit viktig ledd i denne planen vil vere å dele fylket opp i soner som skal avgrense flytting av fisk.

Ressurskartlegging

Ei god oversikt over ferskvassfiskressursane har lenge vore eit sakn. Arbeidet med ei kartlegging av ressursane er sett i gang. Sluttpunktet vil bli eit fiskeatlas for fylket.

Naturbase

For å halde oversikten over viktige vilt-, natur og friluftsområde, har fylkesmannen oppretta eit databasert register. I alt ligg det opplysningar om meir enn 8000 område i Møre og Romsdal inne i registeret. Desse data er for det meste offentlege, og er allereie sendt ut til kommunane og andre offentlege organ.

Kulturlandskap

Fylkesmannen har sett igang ei registrering av verdfulle og typiske kulturlandskap i fylket, for å prioritere nokre område som skal takast særskilt vare på.

Kommuneplanar

Miljøvernavdelinga gir innspel til kommunane si arealplanlegging, og vurderer ferdige planar.

Samla plan for vassdrag

I Samla plan er det foretatt ei totalvurdering av gjenverande vassdrag med tanke på kraftutbygging. Vassdraga er rangert ut frå kostnad og konsekvensar for andre brukarinteresser. Arbeidet med planen har gått føre seg på regionalt og lokalt nivå gjennom utarbeiding av såkalla vassdragsrapportar (totalt 38 stk). Planarbeidet har vore ei prioritert oppgåve innan vassdragsforvaltinga gjennom 1980-åra.

Stortinget behandla Samla plan både i 1986 og i 1988. Regjeringa har dessutan no lagt fram St. meld. nr. 60 (1991-92) som ventetegn vil bli behandla i 1993. Etter forslaget i denne meldinga står det no att 16 vasskraftprosjekt i fylket som kan konsjonssøkast.

Mangfaldet i naturen må sikrast

Naturvern er å sikre natur-mangfaldet mot skade og øydelegging, både for naturens eigen del, og som miljø. Mest 1/5 av fylket vil derfor bli verna etter naturvernloven.

Sidan 1982 er det verna eller fremma verneforslag på nærare 200 område i Møre og Romsdal. Vernearbeidet er lagt opp slik at ein verner dei beste områda i ulike naturtyper etter tur. Verneplanen for våtmarksområde, som skal sikre hekke- og overvintringsområde for fugl knytte til vatn, vart gjennomført med vern av vel 40 område i 1988. Før det var det oppretta verneområde i Innerdalen og Trollheimen på Nordmøre, samt på Veøya i Romsdalsfjorden. På Sunnmøre er 3 område med det sjeldne mineralet eklogitt verna for å hindre at samlarar øydelegg forekomstane.


For å sikre eit utval av skogtypane i fylket, blir det med det første lagt fram verneplanar som omfattar omlag 40 lokalitetar. I tillegg vil 26 myrområde bli verna i 1993. Også hekkeområde for sjøfugl skal sikrast gjennom ein eigen verneplan, der omlag 90 område skal sikrast.

I stortingsmeldinga om nasjonalparkar i Norge, er det foreslått store verneområde i Reinheimen, i Sunndalsfjella og rundt Geirangerfjorden. Vern av undervassmiljøet, m.a. på Hustadvika, vil bli vurdert etter at meir utgreiingsarbeid er gjort.

MØRE OG ROMSDAL FYLKE

— Varig verna vassdrag (Verneplan I, II og III) 10 stk.

— Foreslått verna vassdrag (Verneplan IV) 12 stk.




Verna vassdrag - ei utfordring

Arbeidet med vern av vassdrag starta i slutten av 60-åra, og gjennom dei tidlegare verneplanane I, II og III er tilsaman 10 vassdrag i fylket verna mot kraftutbygging. I Verneplan IV som no er lagt fram av regjeringa er ytterlegare 12 vassdrag foreslått varig verna. Dersom dei 12 nye vassdraga blir vedtatt verna av Stortinget, vil Møre og Romsdal få høgare verneandel av vassdrag enn storparten av dei øvrige fylka. Vassdraga er formelt berre verna mot kraftutbygging. Forvaltinga står derfor overfor store utfordringar i det å hindre at verdiane i dei verna vassdraga ikkje blir øydelagde av andre typar inngrep. Men det er ikkje mogleg å avgrense alle typar verksemد i dei verna vassdraga. Det er foreslått å utarbeide differensierte forvaltingsreglar for verna vassdrag. Reglane bør vise kva for verksemđ og kva omfang som er akseptabelt utan at verneverdiane blir øydelagde.

Friluftsliv

Vilkåra for eit rikt og variert friluftsliv heng nøye saman med naturkvalitetane. Å sikre naturområde mot utbygging og skade, er og eit positivt bidrag til friluftslivet. Fylkesmannen gir økonomiske tilskott til innkjøp av friluftsområde, og til tilretteleggingstiltak som parkeringsplassar, turvegar, toalettanlegg og badebrygger der det er ønskjeleg. Dei seinare åra er fleire millionar kroner nyttar til sysselsetting i slike område. Tiltak i nærområde til tettstadar skal prioriterast.




Friluftsliv, motauk og naturoppleving.


(Foto: Nils Tolgøy)

Store rovdyr - eit forvaltingsproblem?

Vesentlege delar av leveområdet for jerven i Sør-Noreg ligg innafor fylket. Det finst nokre svært få gauper, medan bjørn og ulv truleg berre er på vitjing frå tid til anna. Dette er alle sårbare eller truga artar som vi har eit spesielt forvaltingsansvar for. Mindre enn 10 % av det totale tapet av sau og lam i fylket skuldast freda rovvilt, og det er jerven som tek det alt vesentlege. Problemet er at mykje av skaden er fordelt på få brukarar med store og konsentrerte tap. Sidan 1987 har fylkesmannen hatt ansvaret for å registrere store rovdyr og dokumentere skade som freda rovvilt gjer på bufe. Eit lokalt kontaktnett for dette arbeidet er etablert og skolert. Frå og med 1991 har det og vorte skaffa midlar til tilsyn med sau i utsette skadeområde i samarbeid med næringa sjølv og landbruksstyresmaktene.



■ Kommunar med elgjakt i 1972
■ Kommunar med elgjakt i 1992



■ Kommunar med rådyrkjakt i 1972
■ Kommunar med rådyrkjakt i 1992
■ Kommunar med rådyrkjakt i 1993

Sysselsetting

Det er dei siste tre åra bevilga fleire millionar kroner til sysselsettingstiltak i naturvern- og friluftsområde.

Det beste vilttiltaket

Det beste vi kan gjere for viltet er å ta vare på dei områda der viltartane lever og trivst. Til hjelp i dette arbeidet er det utarbeidd eit fylkesomfattande viltområdekartverk som er eit viktig grunnlag for all arealplanlegging.

Storviltet er på frammarsj

I 1972 vart det felt 844 hjort i fylket. I 1991 fall det 3310 dyr. Utviklinga i jaktbare bestandar av elg og rådyr i denne perioden går fram av kartet. Fylkesmannen forvaltar erstatningsordninga for hjorteviltskader.

Krav til jegeren

Det finst knapt 10 000 registrerte jegerar i Møre og Romsdal. Nye jegerar må gjennom ei grunnutdanning for m.a. å tryggje ei sikker og human jaktutøving. Årleg tek rundt 500 kandidatar denne jegerprøva.



Miljøvernordelinga tenkjer globolt og handlar lokalt!

Rapport nr. 8 1. september 1992

ISBN 82-7430-047-5
ISSN 0801-9363